

Hitler som djevelens verk

Filmen *Der Untergang* vart kritisert for å vise ein Hitler med menneskelege trekk. I romanen til Norman Mailer er Adolf Hitler djevelens verk.

Roald Helgheim

roald@dagogtid.no

Djevelen er til og med til stades når faren Alois, fødd Shicklgruber, set barn på Klara Pölz i ei heftig skildra sengescene i romanen *The Castle in the Forrest*. Mailer (84) viser også klo som mogen sengehestskildrar, sjølv om han eigentleg er ghostwriter for den eigentlege forteljaren, djevelen sjølv. I byrjinga presenterer forteljaren seg som Dieter, ein SS-mann som i si tid stod under Heinrich Himmlers kommando. Men det er den menneskehamen han er i som forteljar i denne boka. Elles har han vore ein supersatan i tid og rom, styrd av The Maestro, den vonde Meistren sjølv. *The Castle in the Forrest* er altså dokumentarroman om den historiske personen Adolf Hitler – fødd 20. april 1889 i Brunau am Inn i Austerrike – fram til år 1907, då mor hans døydde (faren døydde i 1903). Etterpå byrja den mislukka skuleeleven og den snart refuserte kunstnaren på eit meir rotlaust liv, først i Wien, så i München. Etter at denne romanen har sett sluttstrek, kjem perioden som Hitler sjølv i *Mein Kampf* skildrar som dei politisk formande åra.

The Castle in the Forest er den første i ein trilogi Mailer (f. 1923) har planar om å skrive, om heile livet til Hitler. Det er eit livsverk for han, og det er ti år sidan den førre romanen *The Gospel According to the Son*, der forteljaren er Jesus Kristus.

Det vondes problem

Å søkje etter røtene til menneskeleg vondskap er ein sport like gammal som vondskapen sjølv, og freistnadene på å spore det vonde genet til ein Stalin eller ein Hitler har fylt bandsterke verk, noko den omfattande litteraturlista til Mailer ber bod om. I samband med både denne og tidlegare bøker har Mailer sagt at verda ikkje er råd å skjønne som anna enn ein kamp mellom det gode og det vonde. I ein kommentar til Hannah Arendts uttrykk «det vondes banalitet» skreiv han ein gong at om Arendt har rett, er det mykje verre enn alternativet, at det vonde faktisk kjem frå Satan. Nøkternt sett er det ikkje noko i barndomsperioden til Hitler, sjølv i eit lys av etterpåklokskap, som ber

avgjerande bod om det som skulle kome. Men i romanen til Mailer blir løpet lagt i ektesenga.

Familien

Det var ei ekteseng som dessutan hadde noko incestuøst over seg, då Adolfs mor Klara var niesa til faren Alois. I sin tur var Alois den «uekte» son til Maria Anna Shicklgruber. Den sannsynlege far hans var Johann Nepomuk Hüttler (eller Hiedler), som også var bestefar til Klara. Dei mest vondsinna rykta, som blir støtta av den djevelske forteljaren vår, går ut på at Klara i røynda var dotter til ektemannen sin. Frå før hadde Alois to ekteskap bak seg, eit barnlaust, og eitt med tenestejenta Fanni. Adolf Hitler var det fjerde barnet til Alois og Klara, men det første som voks opp. Så kom broren Edmund og systera Paula. Då var Klara også stemor til Alois junior og Angela frå det første ekteskapet til Alois, i ein storfamilie på sju. Når det gjeld spekulasjonar, vart det også hevda at den verkelege far til Alois, altså bestefar til Adolf, var jøde. Dette ryktet vart i 1930-åra etterrøkt av naziadvokaten Hans Frank på oppdrag av Hitler sjølv. Det fortalde Frank om då han sat fengsla i Nürnberg, og han skulle ha oppdaga at bestemora fødde Alois mens ho tenestegjorde hos ein jødisk familie med namnet Frankenberger i Graz. Soga var på vandring også etter Hitlers død, men Hitler-biografen Ian Kershaw slår fast at det ikkje finst hald i henne.

Krønike med bier

Dermed er det duka for første del av ei familiekronike der familiefaren Alois, som av yrke er offentlig tenestemann, også er ein ivrig birøktar. Som om ikkje det er nok, diktar Mailer inn ein ekstra birøktar kalla Der Alte, som både Alois og den etter kvart veslevaksne Adolf fattar interesse for. Lange drøftingar om dronningbia og undersåttane hennar i honningriket er av det mest diffuse i denne romanen, endå forteljaren insisterer på at Der Alte er hans, djevelens, handplukka reiskap. Men ettersom forteljaren var føringsoffiser i det vonde si teneste for fleire enn Adolf, må han ta ein avstikkar til dei blodige hendingane rundt kroninga av Nikolai II, i Moskva i 1895, og eit kongeleg mord i Genève i 1898. Oppdraget i Moskva nyttar han også til å fortelje at han seinare var der frå 1908 til mordet på Rasputin åtte år seinare, ein Rasputin som til då hadde vore i djevelens makt. Djevelen har to naturar, seier forteljaren. Vi er delvis siviliserte, «endå det endelege målet er å øydeleggje sivilisasjonen som eit første steg mot å rydde av veggen Gud», ein Gud djevelen vår nedlatande omtalar som *Dummkopf*. Men kvar er då kimen til *djevelen Hitler* i Mailers roman?

Samvitet

At ungar vart fysisk avstraffa, var ikkje noko særst, ikkje at dei kom på kant med skulen eller onanerte heller. Adolfs store kjærleik var mora, og forfattaren J. M. Coetze oppsummerer i *The New York Review of Books* at det næraste vi kjem djevelen, er når romanen insinuerer at Adolf med vilje smitta vesleguten Edmund med meslingar, som han døydde av seks år gammal. Kommentaren til djevelforteljaren er at Adolf framleis hadde nokre forråd av samvit i seg, «men i arbeidet med den mest framskridne av klientane våre gjer vi vårt beste for å utrydde alt samvit».

I romanen innprentar den unge Adolf medelevarane sine i realskulen at dei ikkje må prøve å hugse alt. Mykje av det dei lærer, står i motstrid til anna dei lærer. Løyndomen er å leggje vekt på det viktige. «Vel berre ut dei fakta som tydeleggjer målet.» Det er ord om anna henta frå det kapitlet der Hitler er på sitt beste i *Mein Kampf*, om propaganda og agitasjon. Mens forteljaren vår, Dieter, går ut av første band med å melde at også klienten Adolf rundt 1930 hadde ei kjærleikssoge med ei niese, nemleg Gebal, dotter til halvsystem Angela. Ho vart seinare funnen død. Djevelen si rolle får vi vonleg vite meir om i neste band. Forteljaren opplyser at på den tida var Adolf ikkje lenger hans ansvar. Mannen som skulle bli Føraren, var alt underlagd ei høgare avdeling i vondskapens hierarki.

Det er berre å håpe at i alle fall Norman Mailer lever lenge nok til å fullføre si siste djevlelske krønike.

NORMAN MAILER

- Fødd i Long Branch, New Jersey, i 1923
- Tenestegjorde i Stillehavet under den andre verdskrigen.
- Har skriva tretten romanar etter debuten *De nakne og de døde* i 1948.
- Har skriva over tjue sakprosa-bøker, om Marilyn Monroe, Mohammad Ali, Pablo Picasso m.fl.
- I 2003 skreiv han *Why are We at War?*, i 1967 *Why are we in Vietnam?*.
- Var med og grunnla vekeavisa *The Village Voice* i 1955.
- Vann Pulitzerprisen i 1968 for *The Armies of The Nigh* og i 1980 for *The Executioner's Song*.